

Nidaros Mållag

<http://www.nm.no/lag/nidaros-mallag/>

<https://www.facebook.com/nidarosmaallag/>

Årsmøte

9. mars 2019

kl. 10.00

Innkalling og
sakspapir

Vel møtt på
årsmøtet!

helsing
styret

E-post!!!

Styret bed om at alle som hev, sender oss e-postadressa si (og melder ifrå om ev. endringar). Det gjer kontakten med medlemene både enklare og billegare (og reduserer arbeidsmengda for styret), men det er viktig at e-postlista er oppdatert. Gjer vel å senda ein SMS eller e-post som byrjar på NIMEPOST (etterfylgd av mellomrom + namn og e-postadresse) til mob. 930 28 426, e-post <jorgengb@gmail.com>.

Dette gjeld jamvel om du alt hev sendt oss e-postadressa di tidlegare.
Alle endringar av e-postadresse skal meldast på same måten og med den same skrivemåten.

Nidaros Mållag
Dronningens gate 23
7012 Trondheim
Tlf. 951 56 163, 930 28 426

14. februar 2019

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I NIDAROS MÅLLAG

Med dette vert du kalla inn til årsmøte i Nidaros Mållag **laurdag 9. mars 2019 kl. 10.00 i BUL-salen i Søndre gate 22 B** (til høgre for inngangen til Thon Hotel Nidaros, tidl. Gildevangen).

Sakliste

1. Opning. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møtestyrar og møteskrivar og to til å skriva under møteoppritet.
3. Årsmelding for 2018.
4. Rekneskap for 2018:
 - a) rekneskap for Nidaros Mållag;
 - b) rekneskap for Nidaros Mållags fond til norsk målreising.
5. Lovendringar.
6. Arbeidsprogram for 2019.
7. Budsjett for 2019.
8. Val:
 - a) leiar;
 - b) styre;
 - c) ettersynsfolk;
 - d) valnemnd;
 - e) utsendingar til årsmøtet i Trønderlaget 2019.
9. Ev. innmelde vedtaksframlegg.

Sakspapir for sakene 3, 4, 5, 6 og 7 ligg ved. Vel møtt på årsmøtet!

Helsing

Styret

Årsmelding for Nidaros Mållag 2018

Styret for 2018

Leiar: Ola Haugen Havrevoll.

Styremedlemer: Jens Morten Nilsen (nestleiar), Atle Brandsar, Ragnhild Jepsen og Solveig Eldegard; varamedlemer: Jørgen G. Bosoni, Hilde Zahl og Silje Neraas.

Årsmøte

Årsmøtet vart halde 21. mars 2018. Ola Haugen Havrevoll vart vald som leiar.

Representasjon

Årsmøte i Trønderlaget: Anders Gjelsvik og Jørgen G. Bosoni var utsendingar til årsmøtet i Trønderlaget laurdag 3. mars 2018 i Levanger.

Landsmøte i Noregs Mållag: Jørgen og Solveig var utsendingar til det 100. landsmøtet åt Noregs Mållag i Vinje 12.–15. april 2018. Både Jørgen og Solveig var fleire gonger oppe på talarstolen og tok del i ordskipet.



*Solveig og Jørgen på landsmøtet 2018 i Vinje
(12.–15. april 2018).*



Utsendingane våre, Jørgen og Solveig, på landsmøtet i Vinje. Bilen med det mål-medvitne skiltet høyrer til mora å leiare i Nidaros Mållag, Ola.

Aktivitetar

I samarbeid med Litteraturhuset skipa Nidaros Mållag til eit forfattarmøte med Jan Inge Sørbo 3. november 2018. Forfattaren presenterte verket sitt *Nynorsk litteraturhistorie* (2018. Oslo: Det Norske Samlaget). Tilskippinga var vellukka, og det kom nokre titals deltakarar.

Nidaros Mållag gav økonomisk stønad til tilskippinga *På ferd med A.O. Vinje – godbitar frå Ferdaminne, ei forestilling i ord og tonar*, med John Pål Inderberg, Ragnhild Vannebo, Øyvind Nygaard, 19. oktober 2018.


Nidaros Mållag hev hatt eiga Facebook-side sidan våren 2018. Adressa er <https://www.facebook.com/nidarosmaallag/>.



Frå forfattarkvelden med Jan Inge Sørbo (t.h.) 3. november 2018. Styremedlem Ranghild Jepsen t.v.

Medlemstal

Nidaros Mållag hadde 167 betalende medlemmer i 2018. Laget hev i alt 191 «potensielle» medlemmer på medlemslista. Me hev lege godt over 150 medlemmer i dei siste åra, og me vonar å runda 180 betalende medlemmer i 2019.



Utviklinga av medlemstalet 2001–2018

Jul i Trøndelag

Slik som stoda er no, er sal av *Jul i Trøndelag* framleis problematisk for styret, og det er ynskjeleg at fleire medlemmer hjelper til. I 2018 vart det selt i alt 46 hefte. Herman Ranes selde 14 av dei, Randi Alice Nilsen selde 10, og andre styremedlemmer selde resten. Statistikken for dei siste åra er: 46 hefte i 2018, 29 i 2017, 30 i 2016, 45 i 2015, 80 i 2014, 91 i 2013, 56 i 2012, 36 i 2011, 56 i 2010, 81 i 2009, og 33 hefte i 2008.

Rekneskap 2018 for Nidaros Mållag og for Nidaros Mållags fond til norsk målreising

Sjå eige vedlegg.

Nettside og sosiale medium

No om dagane er det sers viktig å vera synlege på verdsveven.

Me minner om at Nidaros Mållag hev internettsider gjennom ei teneste som Noregs Mållag no tilbyd alle fylkeslag og lokallag.

Adressa til heimesida vår er:

<http://www.nm.no/lag/nidaros-mallag/>

Nidaros Mållag hev no òg ei side på Facebook der me legg ut

aktuell informasjon:

<https://www.facebook.com/nidarosmaallag/>

Framlegg til endringar i lovene for Nidaros Mållag

§ 3

Noverande ordlyd:

c) I lag med innkallinga skal styret senda sakspapir og framlegg til sakliste.

Framlegg til endring:

c) I lag med innkallinga skal styret leggja ved sakspapir og framlegg til sakliste.

§ 7

Noverande ordlyd:

Medlemer av diskriminerande og/eller nazistiske samskipnader kan ikkje verta medlemer av Nidaros Mållag.

Framlegg til endring:

Medlemer av samskipnader som oppmodar til vanvyrndad og hat andsynes folkegrupper, samfunnslag eller individ, kan ikkje verta medlem av Nidaros Mållag.

§ 10

Noverande ordlyd:

Framlegg til brigde i vedtektene må vera kjent for medlemene minst tre veker før årsmøtet. Framlegg til brigde må ha $\frac{2}{3}$ fleirtal for å verta vedteke.

Framlegg til endring:

Framlegg til brigde i vedtektene må vera kjende for medlemene minst tre veker før årsmøtet. Framlegg til brigde må ha $\frac{2}{3}$ fleirtal for å verta vedtekne.

Framlegg til arbeidsprogram for 2019

Aktivitetar

Nidaros Mållag hev som mål å skipa til ein «nynorsk inspirasjonsdag» og møte med ymist innhald, attåt dei tradisjonelle forfattarkveldane. Aktuelle tema kunne vera: – Minoritetsmål kontra nasjonalmål – Målsituasjonen i andre land – Den nye stadnamnlova – Å ta del i den nynorske kulturarven: rett eller plikt? – Sidemålsordninga. – Å vera fleispråkleg i Noreg: Korleis vert språkforståing påverka av skriveopplæring og skriveugeleik både i nynorsk og bokmål?

Nidaros Mållag ynskjer òg å skipa til barnelitteraturmøte med nynorske barnebokforfattar og barnehagevitjingar. Eit tidleg møte med nynorsk språk og skriftkultur er viktig for å skapa positive haldningar til nynorsken hjå dei komande generasjonane.

Me hev òg planar om å koma i gang med tilskipingar for mållagsmedlemer. Me ynskjer å halda fram i 2019 med den vellukka samarbeidsordninga som me hev hatt tidlegare med SmiN – Studentmållaget i Nidaros. Styret held fram samarbeidet med «Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk».

Styret i Nidaros Mållag vil halda fram samarbeidet med Nidaros domprosti for at ei nynorsk gudsteneste i tilknytning til Olavsfestdagane skal verta eit årvisst tiltak. Samarbeidet tok til i 2013 for å markera Språkåret. Nidaros Mållag vil dessutan arbeida for å gjera nynorsken meir synleg i kyrkjelivet i Trondheim.

Ymse

Nidaros Mållag hev sidan 2009 hatt over 100 medlemer, i 2016 passerte me 150, og medlemstalet i det siste tiåret hev vakse stort sett frå år til år. Det er sjølvsgatt grunn til å gleda seg over denne utviklinga, og medlemstalet bør aukast vidare. Men endå viktigare er det å mobilisera dei medlemene som me alt hev. Det gjeld meir enn nokon gong før at funksjonen til styret skal vera å organisera og styra, ikkje gjera alt arbeidet sjølv. Då vert det eit viktig mål å syta for aktivitet mellom medlemene i laget.

Framlegg til budsjett for 2019

Driftsinntekter	Note	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2018
Medlemspengar		10500	9960	9960
Møteverksemd		2000	0	0
Kommunalt tilskot		0	0	0
Andre tilskot og gåver				600
Reisetilskot				594
Sal av bøker, hefte	1	7000	7000	4600
Ymse inntekter				0
Sum driftsinntekter		19500	16960	15754
Driftskostnader				
Parallellklassearbeid				
Målarbeid, born ungdom		1000	0	0,00
Møteverksemd		4000	10000	1562,50
Vervemateriell				
Kontorhald		1000	2500	3087,38
Tilskot, gåver		4000	1000	4000,00
Kjøp av bøker, hefte		5000	5000	3150,00
Reisetilskot		4000	20000	14836,00
Utsendingsavgift, landsmøtet			3000	2000,00
Gebyr				30,50
Ymse småpostar		500	500	
Sum driftskostnader		19500	42000	28666,38
Driftsresultat		0	-25040	-12912,38
Avskrivingar				450,00
Kapitalinntekter og kapitalkostnader				
Renteinntekter mm.		10000	10000	10633,27
Avkasting overført fondet				9594,00
Utteke frå fondet		10000	10000	1758,00
Netto kapitalinntekter, laget		0	0	2797,27
Årsresultat		0	-25040	-10565,11

Notar:

1. I hovudsak Jul i Trøndelag.

Parallellklassearbeid

Parallellklassearbeidet er ein svært viktig del av skulemålsarbeidet. Lovverket seier at dersom foreldre til ti elevar eller fleire ynskjer nynorsk som opplæringspråk, då får desse elevane gå i eiga klasse. Problemet er at foreldra får inga form for stønad eller anna hjelp frå det offentlege i det tid- og ressurskrevjande arbeidet som skal til for å greia å samla minst ti elevar. Elevlistene er offentlege dokument som skulane hev både rett og plikt til å utlevera til dei som er interesserte, men denne juridiske detaljen er diverre lite kjend. I dei fleste tilfella vil alt dette seia at foreldre som bur i bokmålsdominerte skulekrinsar, og som ynskjer nynorsk som fyrste opplæringspråk, likevel må finna seg i at borna får opplæring på bokmål. Born med bokmål som opplæringspråk hev sitt fyrste møte med nynorsken på eit altfor seint tidspunkt. Dette er som kjent ein av grunnane til at mange elevar hev ei negativ haldning til nynorsk.

Skulemålsarbeidet skal skje i samråd med skulemålskrivaren i Noregs Mållag.

Nidaros Mållag

Postadresse: Dronningens gate 23, 7012 Trondheim

Organisasjonsnummer: 985 702 160

Rekneskap 2018

Nidaros Mållag (org.nr. 985702160)

Driftsinntekter	Note	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Medlemspengar		9 960,00	9960	9300
Møteverksemd		0,00	0	0
Kommunalt tilskot		0,00	0	0
Andre tilskot og gåver	1	600,00		
Reisetilskot (refusjon)	2	594,00		0
Sal av bøker, hefte	3	4 600,00	7000	2900
Ymse inntekter		0,00		0
Sum driftsinntekter		15 754,00	16 960	12200

Driftskostnader

Parallellklassearbeid				
Målarbeid barn, ungdom		0,00	0	0
Møteverksemd		1 562,50	10000	0
Vervemateriell				
Kontorhald	4	3 087,38	2500	0
Tilskot, gåver		4 000,00	1000	1000
Kjøp av bøker, hefte	3	3 150,00	5000	2030
Reisetilskot	5	14 836,00	20000	0
Utsendingsavgifter landsm.		2 000,00	3000	0
Gebyr		30,50		0
Ymse småpostar			500	0
Sum driftskostnader		28 666,38	42 000	3030
Driftsresultat (underskot)		-12 912,38	-25 040,00	9170
Avskrivningar		450,00		44

Kapitalinntekter og kapitalkostnader

Renteinntekter mm.		10 633,27	10000	4558
Avkasting overført fondet	6	9 594,00	10000	1664
Utteke frå fondet		1 758,00	0	0
Netto kapitalinntekter, laget		2 797,27	0	2894
Årsresultat (underskot)		-10 565,11	-25040	12019

(Rekneskapen er førebels urevidert)

Balanse

Status 31.12.2018, jamført med 2017	2018	2017
I kasse	1 694,00	3 604,00
Bankinnskot	593 509,23	594 988,26
Til gode	5 334,01	3 086,59
Sum aktiva	600 537,24	601 678,85
Gjeld	3 617,50	2 030,00
Eigenkapital:		
Nidaros Mållags fond til norsk målreising	498 500,00	490 664,00
Annan eigenkapital, tillagd årsresultatet	98 419,74	108 984,85
Sum passiva	600 537,24	601 678,85

Nidaros Mållags fond til nynorsk målreising

Tekst	Debet	Kredit
I fondet 01.01		490 664
Avkasting i året		9 594
Utteke til lagsdrifta i året	1 758	
Balanse 31.12	498 500	
Sum	500 258	500 258

Notar:

1. Gåver i samband med Sørbø-møte
2. Attendebetalt på reiseutjamninga landsmøtet
3. Det er selt 46 eksemplar av Jul i Trøndelag
4. Her er medrekna portougifter på kr 2240,-
5. Her er medrekna kr 4668,- for reiser til årsmøtet i Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk i 2016
6. Fondet er Nidaros Mållags fond til nynorsk målreising

Trondheim

Ola Haugen Havrevoll
leiar

Jens Morten Nilsen
styremedlem

Solveig Eldegard
styremedlem

Ragnhild Jepsen
styremedlem

Atle Brandsar
styremedlem

Anders Gjelsvik
rekneskapsfører